

MIDTRE GULEN HJORTEVALD  
v/ Jarle Nordgulen  
5966 EIVINDVIK

14.05.12

Gulen kommune, viltforvaltninga.

Søknad om fellingsløyve for driftsplanperiode 2012-2014.

Ved inngangen til driftsplanperiode 2009-2011 vart det søkt om 420 dyr. Ein årskvote på 140 dyr viste seg å vere for liten, og det må styret i Midtre Gulen hjortevald berre ta sjølvkritikk på. Både teljingar, observasjonar og synlege resultat på enga, indikerte ein hjortebestand i sterk vekst. Me fekk difor auka tildeling både i 2010 og 2011. Statistikkar for førre planperiode ligg ved. Første året (2009) vart det ikkje teke ut nok dyr, men jaktresultatet var godt både i 2010 og 2011.

Då Midtre Gulen hjortevald vart skipa i 2003, vart det utarbeidd ein driftsplan med ein generell del som framleis er rettesnora for valdet. Her finn ein valdet sine vedtekter og forskrifter, mellom anna det som gjeld samarbeid mellom jaktfelta og overføring av dyr til neste jaktår. Det er også med ein eigen paragraf om utmelding av storvaldet. Denne planen fekk viltforvaltninga i kommunen kopi av i 2003, og alle jaktfelta har eigne eksemplar. Det er ikkje føreteke endringar sidan den gong, og styret i Midtre Gulen hjortevald vil difor vise til den planen når me no startar på ein ny driftsplanperiode.

I 2003 var målet å halde hjortestammen stabil på eksisterande nivå. Det har me på ingen måte klart i valdet, og situasjonen er vel ganske lik elles Gulen. Alt tyder difor på at ein må satse på eit stort uttak av dyr i starten av denne 3-årsbolken. Trafikken på dyrka mark er stor, og dyra beiter nær folk midt på lyse dagen. Me har bak oss ein vinter som har vore rimeleg lett for dyra. Slaktevektskjema er ein god indikator for stammestorleik og næringstilgang. Slaktevektene har gått ned ein del for alle dyrekategoriar, og det tyder på at hjortebestanden er i største laget.

Dette var grunndata styret i Midtre Gulen hjortevald la til grunn i sine drøftingar i styremøte på Tjørneleite skytebane 07.05.12. Hans Undal kunne ikkje møte, men dei fire andre i styret sette møtet kl 20.05: Jarle Nordgulen, Egil Breidvik, Hans Arne Halland og Rune Virkesdal. Egil Breidvik var skrivar.

Me gjekk gjennom fellingsresultatet for 2011. Av totalkvoten på 200 dyr, vart det først delt ut 187 dyr. Deretter vart det tildelt 4 dyr etter søknad om skrapdyr. Av desse 191 dyra vart det skote 184. Det er vel 96 %. Sjølv om ein reknar med 200 dyr som utgangspunkt, vert fellingsprosenten 92. Både Sett-hjort skjema og fysiske observasjonar i vinter og vår, tyder på stor hjortestamme.

Hans Arne Halland gjorde difor framlegg om å søkje om 200 dyr på årsbasis, det vil seie det same som i 2011. Myre/Berge/Kjellevoll jaktfelt har skriftleg søkt om større kvote. Dei får eitt dyr ekstra pr år i den nye planperioden, dei andre jaktfelta får same basiskvote som dei hadde i 2011. Styret vil difor tildele jaktfelta 188 dyr pr. år. 12 dyr vil styret disponere til skrapdyrspott og ekstraløyve kvart år. Jarle Nordgulen vart sett til å fordele dyra etter kjønn og alder. Viser til eige skjema.

Styret i Midtre Gulen vil difor søkje Gulen kommune om i alt 600 dyr i driftsplanperioden 2012-2014.

Styret i Midtre Gulen hjortevald vil sende ut eit infoskriv til jaktfelta når kommunen si tildeling er kjend. Sidan jakta no startar 1. september, vil me oppfordre til aktiv bukkejakt tidleg i september. Bukkane bør få fred på seg når brunsten er på hardaste i paringstida. Me vil og leggje vekt på å skyte kolle og kalv i lag. Einslege kalvar er taparar i matfatet, og det er dårleg forvaltning å skape slike taparar.



AVSKYTINGSPLAN 2012-2014	JAKTFELTNR	V BUJK	V KOLLE	UNG DYR	KALV	TOTALT	AREAL	DEKAR/DYR	ÅRSKVOTE
79 MIDTRE GULEN HJORTEVALD									
9 BÅLEN	9	2	2	5	3	12	2696	674	4
11 INDRE TAKLE	11	4	4	9	4	21	3484	496	7
12 MIDTRE OG YTRE TAKLE	12	10	11	22	11	54	6424	357	18
13 HJARTHOLM	13	9	10	19	10	48	13892	868	16
14 BREIDVIK	14	9	10	19	10	48	10324	645	16
15 NORDGULEN	15	9	9	18	9	45	14754	984	15
16 HAVELAND	16	4	4	9	4	21	8477	1211	7
17 NESE	17	2	2	5	3	12	3774	944	4
18 HANTVEIT/HAUGE	18	9	9	18	9	45	13542	903	15
19 AUSTGULEN	19	10	10	20	11	51	14745	867	17
20 KLØVTVEIT	20	3	4	7	4	18	8474	1412	6
21 KJELBY/OPDAL/KROSSVOLL	21	9	10	19	10	48	12510	782	16
23 MYRE/BERGE/KJELLEVOLL	23	3	3	6	3	15	4027	805	5
24 UNDAL	24	6	6	12	6	30	6230	623	10
25 NORDAL	25	4	5	10	5	24	2494	312	8
27 VIRKESDAL	27	3	3	6	3	15	4698	940	5
57 RUTLEDAL	57	7	8	16	8	39	7430	572	13
78 HALLAND/NERDAL/SLENGESOL	78	3	4	7	4	18	3738	623	6
SUM		106	114	227	117	564	141713	754	188
SKRAPDYR OG FRIE DYR						36			12
BRUTTO KVOTE						600			200